

Til Uskedalen.no

Ser de er interessert i historiar om Uskedalselvo.
Underteikna er fødd i Uskedalen i 1943 og budde der til 1957.
Begge historiane er frå første halvdel -50 talet...

Vi var næraste nabo til elvo, på småbruket «onde Eikjo»,
midt i sentrum. (Huset vart seld til Dagny og Olav Haugland.)
På -50 talet var det to fine holmar nedanfor «Skulebruo»
Dei høyrde til garden nedre Feet, og den nærast brua vart hausta
for gras. Holmen var omkransa av bjørketrer og lupiner.
Når elvo gjekk stor, var holmane nærast overfløymde, berre treo viste.
På den øverste var det ein E- verkstolpe, som høyrde til høgspenlina,
som gjekk på tvers av bygda.
I eit fela uvær, vart det ein «feil» ute i denne stolpen. Straumen vart borte
for mange.
Då, som no, måtte «stolpemannane» trø til!
Uskedalen sin mann på dette meiner eg bar namnet Mikal?
Med tau rundt livet, stolpesko rundt nakken, og diverse verktøy
i sekken, bar det ut i dei frådande vassmassane!
Han fekk ordna feilen, og kom heilskinna, menn «søkkvåt» på land att...
kald og utsleten.
Dagens helt!

Då Ungdomslaget skipa til dans på øverste holmen i elvo.
(Kanskje er denne historien å finna i arkivet til Uskedalen Ungdomslag ?)

Ein fine laurdag, ein gang på først på -50 talet, baud ungdomslaget
inn til «utedans» på holmen.
Her var rigga til både danseplating og ei lita bru ut til holmen.
Elvo var mest turlagd på sida mot sentrum, som var vanleg
i fine somrar..(som det sjølvsagt var mange av)
Eg hadde «panorama» utsikt, frå stoveglaset heima.
Trekkspelmusikken strøymde ut over bygdo, folk dansa og lo.
Mammo meinte at det var leggjetid, så alt for tidleg....kanskje ho
for på dansen?

Helsing
Asgeir Andreas Bjelland